

Kartleggingsprøve i lesing 2. trinn

Rettleiing til lærarar 2015

«Formålet med kartleggingsprøver er å avdekkje om det er enkeltelevar som treng ekstra oppfølging i ferdigheiter og fag»

Innhold

1 OM PRØVA	3
Bekymringsgrense	3
Kva måler kartleggingsprøva i lesing for 2. trinn?	5
Delprøvene i kartleggingsprøva i lesing for 2. trinn	6
Å lese ord	7
Å forstå ord	7
Å stave ord	8
Å lese er å forstå – del 1	8
Å lese er å forstå – del 2	9
Korleis bruke resultatata som grunnlag for vidare læring?	10
2 FØR PRØVA	12
Informasjon til foreldra	12
Informasjon til elevane	12
3 UNDER GJENNOMFØRINGA	13
Observasjon av elevane	13
4 ETTER PRØVA	14
Oppfølging av elevar under eller like over bekymringsgrensa	14
Vidare kartlegging og tiltak	15
Å lese ord	16
Å forstå ord	17
Å stave ord	18
Å lese er å forstå	19
Oppfølging av resultatata i kollegiet	21
Ansvaret til skoleleiaren	22
Tips til informasjon og aktuelle ressursar	23

1 OM PRØVA

Denne rettleiinga er skriven for deg som har elevar som skal gjennomføre kartleggingsprøve i lesing på 2. trinn. Rettleiinga inneheld råd og informasjon om kva som bør gjerast før, under og etter prøvegjennomføringa. Den siste delen av rettleiinga, som handlar om kva som bør gjerast etter at prøva er gjennomført, seier noko om korleis resultata kan nyttast til vidare oppfølging. Du kan lese meir om prøva på nettsidene til Utdanningsdirektoratet (www.udir.no).

OM KARTLEGGINGSPRØVER

Kva er formålet med prøva?

Kartleggingsprøver skal avdekkje om det er elevar som ikkje har tileigna seg nødvendige ferdigheiter i begynnaropplæringa. Resultata frå prøva skal hjelpe lærarane og skoleleiinga med å identifisere elevar som ligg under ei bekymringsgrense, og som treng ekstra oppfølging. Informasjonen frå prøvene må ein sjå i samanheng med annan informasjon om eleven som skolen har tilgang til. Dersom prøveresultata til ein elev viser at eleven har manglande forståing av omgrep og/eller ferdigheiter, kan det vere behov for vidare kartlegging før eleven får ekstra oppfølging.

Kva måler kartleggingsprøver?

Kartleggingsprøver undersøker om det er enkeltelevar som treng ekstra oppfølging og tilrettelegging i opplæringa. Prøva består av mange lette oppgåver og gir derfor lite informasjon om dei elevane som får til alle eller nesten alle oppgåvene. Det einaste vi kan seie om dei elevane som får til mykje eller alt på prøva, er at dei har eit godt nok grunnlag for vidare læring, men vi veit lite om kor mykje dei eigentleg kan. På denne måten skil kartleggingsprøver seg frå nasjonale prøver, som også inneheld vanskelege oppgåver og gir informasjon om elevar på alle nivå.

Må alle elevar ta prøva?

Alle elevar på 2. trinn skal gjennomføre prøva. Elevar som er sjuke på prøvedagen, eller som har anna fråvær, skal få høve til å ta prøva på eit anna tidspunkt. Informasjon om fritak er det gjort nærmare greie for i *Retningslinjer for gjennomføring*.

Kan elevar få tilrettelegging?

Skolen har ansvaret for at elevar som treng særskild tilrettelegging, også kan gjennomføre kartleggingsprøva. Tilrettelegging kan til dømes vere gjennomføring i lita gruppe, gjennomføring aleine eller med fleire innlagde pausar. Skolen kan ikkje lage eigne ordningar som kan påverke elevresultata, som til dømes bruk av hjelpemiddel eller utvida tid per side. Skoleleiaren må vurdere behovet kvar enkelt elev har for spesiell tilrettelegging.

Kven har ansvaret for gjennomføringa av kartleggingsprøver?

Skoleleiaren har det overordna ansvaret for å leggje til rette for at alle elevane deltek på kartleggingsprøvene.

Bekymringsgrense

Formålet med kartleggingsprøva er å identifisere elevar som treng ekstra oppfølging når det gjeld å utvikle grunnleggjande ferdigheiter i lesing. Bekymringsgrensa blir rekna ut ved at ein samanliknar resultatata frå eit representativt utval av elevar ved første gjennomføring av prøva. Grensa blir fastsett slik at dei svakaste 20 prosentane av elevane på landsbasis har like mange eller færre poeng enn bekymringsgrensa. Bekymringsgrensene vil bli publiserte i august 2015. Bekymringsgrensene er publiserte på udir.no.

Det kan vere svært ulikt kva for utfordringar elevar som ligg under bekymringsgrensa har. Derfor må ein sjå resultatata til den enkelte eleven i samanheng med annan informasjon om eleven for å kunne avgjere vidare tiltak. Foreldra til elevar som treng ekstra oppfølging, skal informerast om resultatata frå prøva og få råd om vegen vidare. Slik kan dei støtte opp om utviklinga av grunnleggjande ferdigheiter i lesing.

Dei aller fleste av elevane som blir identifiserte av kartleggingsprøva, kan følgjast opp innanfor ramma av tilpassa opplæring. Det er likevel nokre få elevar som bør greiast ut vidare med tanke på å vurdere behov for spesialundervisning.

Bekymringsgrensa er ikkje ei absolutt grense. Nokre elevar som skårar like over bekymringsgrensa, vil også trenge ekstra oppfølging. I tillegg kan læraren oppleve at ein elev skårar under eller like ved bekymringsgrensa, samstundes som tidlegare observasjonar av eleven tyder på noko anna. Det er derfor viktig å støtte seg til annan informasjon ein har om elevane i den vidare oppfølginga.

Hugs:

- ✓ Formålet med prøva er å finne ut om det er enkeltelevar som treng ekstra oppfølging.
- ✓ Elevar under bekymringsgrensa skal følgjast opp vidare.
- ✓ Du må informere foreldra om resultatata på kartleggingsprøva dersom det viser seg at eleven er under bekymringsgrensa og dermed treng ekstra oppfølging.
- ✓ Også enkelte elevar som skårar like over bekymringsgrensa, kan trenge vidare oppfølging.
- ✓ Resultata til ein elev må du sjå i samanheng med annan informasjon om eleven.

Kva måler kartleggingsprøva i lesing for 2. trinn?

Kartleggingsprøvene i lesing tek utgangspunkt i det som står om lesing som grunnleggjande ferdigheit i Læreplanverket for Kunnskapsløftet – 06 (LK 06) og kompetansemål i norsk i LK 06.

Kartleggingsprøvene i lesing frå 1. til 3. trinn speglar ein forventet progresjon i utviklinga av leseferdigheit: frå språkleg bevisstheit, via bokstavkunnskap og ordlesing til å kunne lese ulike typar tekstar med samanheng og forståing. Det er likevel viktig å hugse at desse ferdigheitene i praksis vil kunne utvikle seg parallelt; til dømes vil ein elev lese/stave ord på ulike måtar, alt etter kor kjent eit ord er.

Språkleg bevisstheit

Før barn lærer å lese, er dei mest opptekne av innhald og meining når dei bruker språket. For å lære å lese må barn i større grad rette merksemda si mot forma og strukturen i språket. Eit velkjent døme på dette er barnet som forstår at ordet lokomotiv er lengre enn ordet tog, sjølv om objektet tog er lengre enn objektet lokomotiv. For å knekkje den alfabetiske koden må eleven bli merksam på at talte ord er bygde opp av talelydar. Å leike med språket, til dømes ved å «smake» på rare ord og rime, vil fremje denne innsikta. Når eleven kan identifisere (og byte om på) dei ulike lydane i eit talt ord, seier vi at han eller ho er fonemisk bevisst.

Sikker bokstavkunnskap

Sikker eller funksjonell bokstavkunnskap inneber at eleven raskt og effektivt kan kople bokstavar til bokstavlydar og motsett (kunnskapen er automatisert). Eleven forstår at kvar bokstav i prinsippet representerer ein lyd i talespråket. Å forstå samanhengen mellom lydar i talespråket og bokstavar i skriftspråket er ein *kritisk faktor* for å lære seg eit alfabetisk skriftspråk.

Lese og stave ord

Ein kan bruke ulike strategiar for å lese og stave ord. Å *lese fonologisk* inneber å omsetje bokstavane til lydar og trekkje desse saman til eit ord som kan kjennast att (lesaren kan **høyre** kva for eit ord lydmonsteret liknar på). Å kunne lese fonologisk er eit godt grunnlag for å lære å lese ortografisk. Å *lese ortografisk* vil seie å kjenne att større einingar som stavingar, stavemønster og heile ord (lesaren kan **sjå** kva for eit ord bokstavmønsteret førestiller). Ortografisk ordlesing er ein føresetnad for å kunne oppnå gode leseferdigheiter.

Mange elevar med lese- og skrivevanskar oppnår etter kvart akseptabel ordleseferdigheit. Somme har likevel vedvarande vanskar med å stave ord rett. Ei staveprøve gir informasjon om i kva grad eleven kan analysere seg fram til lydane i talte ord, og om han eller ho kan stave ord med uregelrett stavemåte. Av den grunn inneheld kartleggingsprøva i leseferdigheit også ei staveprøve.

Å *stave fonologisk* inneber å dele eit talt ord inn i lydar, omkode lydane til bokstavar og skrive bokstavane slik at dei dannar eit ord. Å *stave ortografisk* vil seie at eleven skriv heile ord eller stavemønster rett, sjølv om dei har ein uregelrett stavemåte. Å stave ortografisk er ein føresetnad for å oppnå gode staveferdigheiter.

Elevane treng å meistre både fonologisk og ortografisk ordlesing og staving. Dei to måtane å lese og stave ord på blir nytta til ulike formål, alt etter kor kjent eit ord er for den som

skal lese eller skrive. Dersom ordet er ukjent eller blir lite nytta, vil eleven ofte bruke ein fonologisk strategi. Kjende ord blir lesne og stava ortografisk.

Å lese er å forstå

Målet med leseopplæringa er at elevane skal kunne lese tekstar for å oppleve og for å lære fag. I det som står i læreplanverket om lesing som grunnleggjande ferdigheit på tvers av fag, er det leseforståinga til eleven som står i fokus. Det er fleire faktorar som spelar inn for kor godt vi forstår det vi les. Ordlesingsferdigheit, ordkunnskap, bakgrunnskunnskap om emnet, lesestrategiar og motivasjon er alle faktorar som påverkar leseforståinga.

Hos dei yngste elevane vil ofte usikker ordlesing avgrense leseforståinga. Etter kvart vil elevane i større grad lese ord raskt og sikkert, samstundes som tekstane blir vanskelegare. Da vil andre faktorar, som til dømes ordkunnskap og lesestrategiar, gradvis spele ei større rolle for leseforståinga deira.

Bruk av prøvene

Kartleggingsprøva i lesing for 1. trinn fokuserer i all hovudsak på ferdigheiter som *ligg til grunn* for å kunne lese og skrive, som bokstav- og lydkunnskap. Prøva for 2. trinn har fokus på å lese ord, enkle setningar og tekst. Dersom du som lærar vurderer at enkelte elevar ikkje er klare for å løyse oppgåvene som blir presenterte på dette trinnet, rår vi til å bruke kartleggingsprøva for 1. trinn.

Delprøvene i kartleggingsprøva i lesing for 2. trinn

Kartleggingsprøvene i lesing for 2. trinn består av fire delprøver. Delprøvene måler skriftspråklege ferdigheiter som elevar i risikosona for å utvikle lese- og skrivevanskar ofte strever med, som å lese og stove ord og forståing av ord, setningar og tekst.

Det er viktig at du har gjort deg kjend med innhaldet i prøva i god tid før sjølv prøvedagen. For at du skal få størst mogleg utbytte av informasjonen om delprøvene, rår vi til at du har eit eksemplar prøva tilgjengeleg mens du les, slik at du kan bli godt kjend med oppgåvene.

Kartleggingsprøva i lesing for 2. trinn er bygd opp på denne måten:

- Å lese ord
- Å forstå ord
- Å stove ord (Du finn orda i instruksjonsretteiinga)
- Å lese er å forstå – del 1
- Å lese er å forstå – del 2

Merk at dei to delane som måler leseforståing, skal vurderast samla, slik at dei gir eitt mål på leseforståing.

Å lese ord

Kva: Delprøva kartlegg om eleven kan avkode og forstå ord.

Korleis: Eleven samanliknar ein illustrasjon med fire skrivne ord og set kryss på ordet som stemmer med illustrasjonen. Orda som er knytte til kvart bilete, har semantiske, visuelle eller lydmessige likskapar som utfordrar sikker avkodning (til dømes *danse* og *bamse*). Eleven arbeider sjølvstendig og får to minutt på oppgåvene.

Kvifor: Å lese ord raskt og ledig er ein føresetnad for funksjonell leseferdigheit. Delprøva kan seie noko om korleis eleven les: Elevar som løyser oppgåva raskt og med få feil, les sannsynlegvis ortografisk (dei ser kva for eit ord bokstavmønsteret representerer). Elevar som treng lengre tid, men har rette svar, les truleg fonologisk (omkodar éin og éin bokstav til bokstavlyd). Elevar som har mange og tilfeldige feil, gjettar gjerne ut frå visuelle kjenneteikn eller kontekst og tyding.

Utfordringar: Elevar som kryssar av på feil ord, eller som ikkje blir ferdige med alle oppgåvene, kan ha ulike utfordringar. Problema kan ha å gjere med at eleven strever med å knyte bokstavane til rett bokstavlyd (til dømes forvekslar b og d). Vidare kan eleven streve med å binde lydane saman til ord. Elevar som les unøyaktig, kan komme til å forveksle orda sidan mange av dei er visuelt og lydmessig like (som *skog* og *skole*). I tillegg kan elevar som arbeider for seint, for raskt eller ikkje forstår alle orda, komme til kort på delprøva.

Å forstå ord

Kva: Delprøva kartlegg ordforrådet til eleven gjennom ei synonymordprøve basert på ord som er henta frå lærebøker på 2. trinn.

Korleis: Oppgåvene er delte i fire: ei setning med eit oppgåveord og tre tilhøyrande svaralternativ. Du les først setninga med vekt på oppgåveordet, til dømes: «Aron er ein god *kamerat*», deretter dei tre svaralternativa: "*venn, nabo, bror*". Elevane skal setje kryss på det ordet som tyder omtrent det same som oppgåveordet (*venn*).

Kvifor: Eit godt ordforråd er ein føresetnad for god forståing av både talt og skrive språk. Dersom eleven ikkje forstår dei meiningsberande orda i ein tekst, vil dette føre til dårlegare forståing. Arbeidet med å styrkje vokabularet til elevane, inkludert det akademiske vokabularet som gjerne kjenneteiknar skriftlege fagtekstar, bør gå føre seg gjennom heile skolegangen.

Utfordringar: Elevar som markerer feil ord, kan ha ulike utfordringar. Vanskar med delprøva kan ha å gjere med at eleven har mangelfull kunnskap om ord som det i faglege samanhengar er venta at elevar i denne aldersgruppa forstår og bruker. Dersom eleven ikkje har lytta til opplesinga di, men har prøvd å lese orda på eiga hand, kan vanskane skuldast at han eller ho strever med ord- eller setningslesing (sjølvle leseprosessen).

Å stave ord

Kva: Delprøva kartlegg om eleven kan stave ord etter diktat.

Korleis: Du les opp ei setning frå instruksjonsrettleiinga (publisert i PAS). Eleven blir beden om å stave eitt av orda i setninga: «Anne liker gul saft. Skriv saft.» Å stave ord inneber å finne fram til lydane som eit ord er sett saman av (fonologisk analyse), omkode lydane til bokstavar og forme bokstavane motorisk. Prøva omfattar ord med både regelrett og uregelrett stavemåte.

Kvifor: Analyse av eit talt ord og omkoding av talelyd til bokstav er ei krevjande oppgåve: I tillegg til å dele ordet inn i talelydar må eleven kunne hente fram frå minnet bokstaven som høyrer til kvar talelyd. Problem med fonologisk analyse kan tyde på fonologiske vanskar, som igjen kjenneteiknar mange elevar med lese- og skrivevanskar. Delprøva gir også informasjon om i kva grad eleven kan stave nokre ord ortografisk (skrive heile ord rett, sjølv om dei har ein uregelrett stavemåte).

Utfordringar: Elevar som stavar orda feil, kan ha ulike utfordringar. Problema kan komme av mangelfull bokstavkunnskap eller at ein strever med å analysere seg fram til lydane i talte ord. Vidare kan det vere vanskeleg å knyte rett lyd til rett bokstav. Somme kan streve med å forme bokstavane reint motorisk. For å stave orda med uregelrett stavemåte treng eleven også noko ortografisk kunnskap (til dømes ord med stum d).

Å lese er å forstå – del 1

Kva: Delprøva kartlegg leseforståinga til elevane på setningsnivå.

Korleis: Oppgåva består av ein illustrasjon og ei rekkje korte instruksjonar. Elevane les instruksjonane (setningar) og set kryss på rett illustrasjon for å vise at dei har forstått. Oppgåvene krev at elevane kan avkode nøyaktig og forstå kvart enkelt ord i setningane, at dei kan halde orda i minnet slik at setninga blir forstått som ein heilskap, og at dei er fortrulege med vanlege setningsstrukturar. Elevane får ti minutt til å løyse oppgåvene.

Kvifor: Elevane skal kunne lese enkle tekstar med samanheng og forståing. Å kunne lese og forstå setningar er eit steg på denne vegen.

Utfordringar: Elevar som set kryss på feil objekt, eller som ikkje blir ferdige med alle oppgåvene, kan ha ulike utfordringar. Problema kan ha å gjere med at elevane har manglande ordlesingsferdigheiter, at dei les unøyaktig, eller at dei ikkje forstår orda som er med i setningane. For nokre elevar kan lågt lesetempo og/eller avgrensingar i korttidsminnet føre til at dei ikkje hugsar dei første orda når dei kjem til dei siste orda i ei setning, og at dei dermed strever med å forstå innhaldet i setninga som ein heilskap.

Å lese er å forstå – del 2

Kva: Delprøva kartlegg leseforståinga til elevane av ein kort tekst.

Korleis: Elevane skal lese ein tekst og svare på fleirvalsspørsmål om det dei har lese. Oppgåvene krev at elevane kan finne informasjon som er eksplisitt uttrykt i teksten, og at dei kan trekkje enkle slutningar mellom setningar. Elevane får ti minutt til å løyse oppgåvene.

Kvifor: Elevane skal kunne lese enkle tekstar med samanheng og forståing.

Utfordringar: Elevar som vel feil svaralternativ, eller som ikkje blir ferdige med alle oppgåvene, kan ha ulike utfordringar. Elevar med svake ordlesingsferdigheiter kan fokusere så mykje på ordlesinga at dei i liten grad har overskot til å konsentrere seg om innhaldet. Elevar som les raskt og unøyaktig, kan også få problem med å forstå innhaldet i teksten. I tillegg blir ordforståinga til elevane utfordra gjennom enkelte lågfrekvente ord. Motivasjonen for å lese eller interessa deira for emnet kan også ha noko å seie for kor stor innsats dei legg ned for å forstå teksten.

Korleis bruke resultatata som grunnlag for vidare læring?

All vurdering som blir gitt undervegs i opplæringa, er kalla undervegsvurdering og skal fremje læring. Alle elevar har krav på dette. Prøveresultatata skal ein sjå i samanheng med annan informasjon om elevane, og som del av undervegsvurdering og tilpassa opplæring.

Det er særleg fire prinsipp som er viktige i arbeidet med god undervegsvurdering. Desse prinsippa er også sentrale i arbeidet med prøver. Prinsippa er forskingsbaserte og gjort greie for i forskrift til opplæringslova, kapittel 3.

FIRE PRINSIPP

Føresetnadene til elevane for å lære kan styrkjast dersom dei

1. forstår kva dei skal lære, og kva som er forventa av dei
2. får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
3. får råd om korleis dei kan forbetre seg
4. er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling

Sentrale poeng som elevane må tenkje gjennom: *Kva mål skal eg nå, kvar er eg i forhold til desse måla, og korleis skal eg komme meg dit?*

Elevane skal forstå kva dei skal lære, og kva som er forventa av dei

Når du jobbar med prøver og vurdering, er det viktig at elevane veit kvifor dei blir vurderte, og kva som er forventa av dei. Elevane må vite kvifor det er viktig å arbeide med lesing som grunnleggjande ferdigheit. Snakk derfor med elevane om kva som er hensikta med prøva, og kva prøva måler.

Gi tilbakemeldingar og råd om vegen vidare

Faglege tilbakemeldingar er ein sentral del av vurderings- og oppfølgingsarbeidet. Dei skal fortelje om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen og skal innehalde råd og rettleiing om korleis elevane kan forbetre seg. Resultata og informasjon frå prøva kan gi deg eit bilete av kva elevane meistrar, og kva dei må arbeide vidare med. Denne informasjonen bør du sjå i samanheng med annan informasjon du har om elevane, og han bør nyttast i dialog med både elevar og foreldre.

Involver elevane

Du bør involvere elevane når du gjennomgår prøva. Det å stille elevane spørsmål om kva dei trur dei har fått til, og kva dei bør øve meir på, kan bidra til at dei reflekterer over eiga meistring. Etter at resultatata er gjennomgått, kan det vere nyttig å la elevane vere med på å reflektere over svara sine og planleggje kva dei kan gjere for å forbetre seg.

Eigenvurderingane elevane gjer, kan gi deg viktig informasjon om kva dei synest er vanskeleg, og kva dei må arbeide meir med. Eigenvurdering kan også gjere sitt til at elevane får eit meir bevisst forhold til sin eigen kompetanse i lesing.

KORLEIS SJÅ DEI FIRE PRINSIPPA FOR UNDERVEGSVURDERING I SAMANHENG MED PRØVEGJENNOMFØRINGA?

- *Korleis skal eg førebu elevane på formålet med prøva?*
- *Korleis skal eg bruke resultata for å kunne gi fagleg relevante tilbakemeldingar som fremjar vidare læring?*
- *Korleis skal eg involvere elevane i det vidare arbeidet med resultata?*
- *Korleis kan elevane vere med og vurdere sitt eige arbeid?*

2 FØR PRØVA

Før prøvegjennomføringa må du sette deg grundig inn i *Instruksjon til gjennomføring* som du finn du i prøveadministrasjonssystemet (PAS). Nokre av delprøvene skal gjennomførast på tid. I instruksjonen står det kor lang tid elevane skal ha til å løyse oppgåvene på kvar enkelt side. Dersom vi lèt elevane få bruke så lang tid dei treng, vil mange av risikoelevane klare å løyse oppgåvene korrekt. Da vil vi ikkje få vite om dei bruker lite tenlege strategiar. Tidsrammene i instruksjonen må derfor følgjast nøye.

Informasjon til foreldra

Foreldra skal ha informasjon om prøva i forkant av gjennomføringa. Utdanningsdirektoratet har laga *Informasjon om kartleggingsprøver våren 2015* som blir publisert på udir.no. I tillegg bør denne informasjonen leggjast ut på heimesida eller læringsplattforma til skolen.

Informasjon til foreldra er omsett til samisk (nord-, sør- og lulesamisk) og engelsk. Den kan lastast ned som pdf-fil frå nettsida til Utdanningsdirektoratet. Brosjyren blir publisert i god tid før gjennomføringa av kartleggingsprøvene i lesing og rekning.

Informasjon til elevane

Elevane skal få informasjon om kartleggingsprøvene samstundes som brosjyren til foreldra blir delt ut. Bruk god tid til å forklare kva ei kartleggingsprøve er, kvifor dei skal ta den, og kva som reint praktisk skal skje og kva tid.

I forkant av prøvegjennomføringa treng du ikkje å øve til prøva med elevane. Det kan vere lurt å forklare at det i prøveheftet er eksempel til kvar delprøve, slik at elevane skal bli trygge på kva dei skal gjere under prøvegjennomføringa. Det er også viktig at elevane er klar over at du som lærar ikkje har lov til å hjelpe dei med oppgåvene undervegs i kartleggingssituasjonen. Sjølve kartleggingsprøva skal ikkje nyttast til øving, heller ikkje dei gamle prøvene da dei inneheld mykje likt som dei nye.

SJEKKLISTE - FØR GJENNOMFØRINGA

Eg har

- ✓ sett av god tid til gjennomføringa av prøva
- ✓ sett meg inn i innhaldet i denne rettleiinga og *Instruksjon til gjennomføring av prøva på førehand*
- ✓ sørgt for at foreldra har fått informasjonsbrosjyren og er informerte om gjennomføringa og vidare oppfølging
- ✓ snakka med elevane om at prøva skal vere til hjelp for læraren for å gi elevane best mogleg opplæring
- ✓ sett av tid i etterkant til å vurdere og følgje opp resultatet for kvar enkelt elev

3 UNDER GJENNOMFØRINGA

Instruksjon til gjennomføring og vurderingsretteiing, som beskriv korleis du skal gjennomføre prøva, og korleis du skal rette prøvene, er publisert i prøveadministrasjonssystemet (PAS), <https://pas.udir.no>. Rektor ved skolen skal gi deg tilgang til PAS.

Du må ha lese og sett deg godt inn i Instruksjon til gjennomføring i god tid før du gjennomfører kartleggingsprøva med elevar. Du må ha med eit eige prøvehefte til klasserommet som du bruker saman med *Instruksjonen*. Det er di oppgåve å sørge for å skape tryggleik og ein god atmosfære under gjennomføringa. Måten du presenterer oppgåvene på, kan ha noko å seie for korleis elevane opplever prøvesituasjonen, og for resultatet på prøva. Du må derfor vere medviten at du er prøveleiar, sørge for ro i klasserommet og bruke god, avstemt stemmestyrke og tydeleg uttale. Du bør ha god flyt og framdrift i presentasjonen av oppgåvene og vurdere undervegs kor lang tid de skal bruke på dei delprøvene der tid ikkje er oppgitt. Dersom kvar delprøve varer lenge, kan elevane bli utolmodige og urolege.

Observasjon av elevane

Måten elevane arbeider på under prøva, kan gi nyttig informasjon om forholdet deira til lesing. Både elevar som arbeider seint, og dei som arbeider snøgt og overflatisk, kan vere døme på elevar som av ulike grunnar strever. Det kan også vere nyttig å vurdere om eleven arbeider konsentrert eller er uroleg ved gjennomføringa av prøva. Sjølv om du har førebudd gjennomføringa med elevane, kan dei oppleve at prøvesituasjonen er uvand.

I *Instruksjon til gjennomføringa av prøva* finn du eit observasjonsskjema. I dette skjemaet kan du registrere elevar som til dømes er uoppmerksame, arbeider sakte eller ber om at instruksjonen blir teken opp att.

4 ETTER PRØVA

I denne delen får du informasjon om korleis du skal følgje opp elevane under bekymringsgrensa. Resultata gir ingen informasjon om dei elevane som får til mykje på prøva, da prøva ikkje inneheld vanskelege oppgåver.

Du må rette prøvene ved å følgje vurderingsrettleiinga som er publisert saman med instruksjonen til gjennomføring i PAS. Resultatet til eleven skal vurderast i lys av bekymringsgrensa på kvar enkelt delprøve (sjå side 6). Hugs å setje av god tid til å vurdere resultatet!

Oppfølging av elevar under eller like over bekymringsgrensa

Resultatet frå kartleggingsprøva skal brukast som utgangspunkt for ein samtale med eleven og i planlegginga av den vidare oppfølginga av eleven. Samtalen bør gå føre seg kort tid etter gjennomføringa for at eleven skal hugse mest mogleg frå prøvesituasjonen. I samarbeid med eleven kan du setje opp prioriterte læringsmål for det vidare arbeidet med lesing og skriving. Resultata må også formidlast til foreldra. Godt samarbeid mellom deg som lærar og foreldra kan bidra til at eleven når dei læringsmåla som er sette. Foreldra skal kjenne seg trygge på at eleven blir sett og får god oppfølging så tidleg som råd. Det er viktig å fokusere på nokre få realistiske mål om gongen som kan hjelpe eleven vidare i å utvikle leseferdigheitene sine.

Forslag til spørsmål til elevar som er under eller like over bekymringsgrensa

- Korleis synest du det var å ha denne prøva?
- Kan du vise meg ei oppgåve du synest var morosam?
- Var det nokre oppgåver som du ikkje forstod korleis du skulle løyse?
- Kva for oppgåver var vanskelege? Kva for oppgåver gjekk greitt?
- Var det ord du ikkje forstod?

Vidare kartlegging og tiltak

Ei kartlegging av leseferdigheitene til eleven gir oss oversikt over ferdigheiter vi treng å vite noko om for å hjelpe eleven vidare. Samstundes må ei kartleggingsprøve alltid vere eit supplement til dei vurderingane læraren sjølv gjer av eleven: Observasjon, vurdering og tiltak må gå hand i hand.

Resultatet eleven får på kartleggingsprøva, viser kva han eller ho kan utan hjelp på eit bestemt tidspunkt. Når du bruker kartleggingsprøva **dynamisk**, i samspel med eleven, kan du få informasjon om til dømes dei strategiane eleven bruker, arbeidstempoet, motivasjonen og potensialet for læring. Fokuset blir retta mot *kva som kan hjelpe eleven vidare*, slik at vidare undervisning blir best mogleg tilpassa eleven.

Med utgangspunkt i ei delprøve der eleven skårar under eller like over bekymringsgrensa, kan du observere *korleis* eleven løyser oppgåva aleine. Deretter må du finne ut kva for støtte og kor mykje eleven treng for å meistre oppgåva. Det er derfor viktig å forstå kva for utfordringar kvar enkelt oppgåve kan innebere (sjå teksten om delprøver ovanfor). Når du held denne informasjonen saman med tilbakemeldingar frå eleven mens han eller ho løyser oppgåva, kan tiltaka som er skisserte nedanfor, hjelpe deg med å tilpasse opplæringa til dei behova eleven har.

Merk at *bekymringsgrensene ikkje kan nyttast ved dynamisk kartlegging*, da dei er baserte på at elevane arbeider på eiga hand ut frå standardisert instruksjon.

Tiltaka som er skisserte nedanfor, bør alltid nyttast i meningsfylte samanhengar og ha fokus på forståing. Bokstavar og bokstavsekvensar som elevane har trena på, bør så raskt som mogleg nyttast i heile ord. Enkeltord som elevane har trena på, bør dei raskt få bruke i setningar. Elevane skal lese og skrive for å oppleve, for å lære fag og for å uttrykkje seg, ikkje berre for å drille tekniske ferdigheiter. Når elevane bruker meningsfylte tekstar i staden for lausrivne ord, vil dei leite etter meaning når dei les. Ord endrar meaning alt etter den konteksten dei opptre i. På same måten skal elevane skrive for å fortelje, ikkje berre for å øve på rettskriving.

Dersom eleven har svake ordlesingsferdigheiter, kan det vere aktuelt å bruke kartleggingsprøva i lesing for 1. trinn som utgangspunkt for vidare kartlegging.

I nokre av delprøvene inngår det fleire ferdigheiter. Det er viktig å kartleggje kva for nokre av desse ferdigheitene eleven strever med, for at oppfølginga skal bli mest mogleg målretta. Dersom eleven er under bekymringsgrensa på mange delprøver, vil det også vere naturleg å sjekke syn og høyrse.

Vidare kartlegging og tiltak er det gjort greie for med utgangspunkt i kvar enkelt delprøve. For kvar delprøve er teksten delt inn i **vurdering** og **tiltak**. Punkta under **vurdering** synleggjer kva du bør kartleggje vidare dersom eleven skårar under eller like over bekymringsgrensa på delprøva. Døma på **tiltak** synleggjer korleis du kan komme i gang med å hjelpe eleven vidare. Det er ikkje nødvendig å setje i verk tiltak som er nemnde under eit vurderingspunkt som eleven meistrar.

Å lese ord

Vurder

kva for ein strategi eleven bruker for å lese ord. Elevar som les raskt, men har mange feil, gjettar gjerne på grunnlag av første bokstav eller andre kjenneteikn ved ordet. Elevar som bruker lang tid, lyderer gjerne kvart enkelt ord:

Vurder

om eleven lyderer alle ord (les alle ord fonologisk).

Tiltak

- Bevisstgjer eleven på at det er ulike måtar å lese på. Vi kan trekkje saman bokstavlydane til ord – eller vi kan kjenne att eit ord fordi vi har lese det mange gonger før.
- Arbeid mot ortografisk ordlesing, som inneber at eleven prøver å sjå kva for eit ord bokstavane førestiller før han eller ho les ordet høgt. Eleven skal også tenkje på kva ordet tyder, og korleis det blir uttalt. Bruk korte, regelrette ord, til dømes eg, vi, du, osv. Arbeid med enkle tekstar som inneheld desse orda. Orda bør takast opp att i fleire setningar. Dersom eleven ikkje klarer å lese ordet, les du det, og eleven tek opp att (slik at eleven opplever meistring). Les ordet fonologisk til slutt for å sjekke at det vart lese rett første gongen.
- Øv på høgfrekvente uregelrette ord, og arbeid med dei i setningar: *det, ord, oss, hos, og osv.*
- Øv på å lese uregelrette ord ortografisk, til dømes ord med -ng, -nk, diftongar osv.
- La elevane lese mykje. Elevane treng mykje lesetid for å automatisere ordlesingsferdigheitene sine.

Vurder

om eleven gjettar eller bruker ein usikker fonologisk strategi.

Tiltak

- Arbeid med sikker fonologisk avkodning. Kvar bokstav i det skrivne ordet må omkodast til ein bokstavlyd før lydane blir trekte saman til eit ord. Dette krev at eleven har automatisert samanhengen mellom bokstavar og bokstavlydar. Synleggjer at berre éin bokstav som er ulik i to ord, fører til at orda har ulik tyding, slik at eleven kan forstå kor viktig det er å lese nøyaktig, til dømes: «Her er bilen *din*» og «Her er bilen *min*».
- Øv på å lese nøyaktig.

Vurder

om eleven kan trekkje bokstavlydar saman til ord.

Tiltak

- Arbeid med å trekkje bokstavlydar saman ved å bruke bokstavbrikker. Fokuser på rimord som bil, mil, sil, pil. Til dømes: Sei tydeleg ordet /s i l / og legg bokstavbrikkene til ordet. Eleven imiterer deg og «syng saman» lydane mens han eller ho trekker fingrene langs bokstavbrikkene. Begynn med ord med tre lydar (konsonant–vokal–konsonant) som er lydrette.

- Auk vanskegraden til rimord med fire bokstavar, til dømes bake, kake, hake. Lær eleven å lese ved å dele opp orda i mindre delar. Bli kjend med stavingane ved å klappe rytmen: ba-ke. Arbeid etter kvart med ord med konsonantopphopingar.

Vurder

om eleven har sikker bokstavkunnskap: kan kople alle bokstavar til bokstavlydar og motsett på ein rask og effektiv måte.

Tiltak

- Tren på dei bokstavane som eleven eventuelt strever med, og dei korresponderande bokstavlydane. Snakk om lyden, kvar i munnen vi lagar han, og korleis bokstaven som høyrer til bokstavlyden, ser ut. Bruk bokstavane i meningsfulle samanhengar, som ved å lese og skrive enkle ord og setningar som inneheld dei aktuelle bokstavane.
- Ver spesielt merksam på ord der éin bokstavlyd blir skriven med fleire bokstaver (til dømes tanke og seng), og diftongar som kan vere utfordrande for mange elevar.
- La elevane lage assosiasjonar mellom bokstav og bokstavlyd ved å knyte bokstaven til noko kjent, til dømes til namnet på personar dei kjenner: «Det er bokstaven til Erik. Den bokstaven heiter /E/.»
- Å bruke PC til å skrive bokstavar og ord kan vere nyttig og motiverande i arbeidet med bokstavkunnskapen til eleven. Skrivning på tastatur med lyd støtte gjer det mogleg med mange repetisjonar av bokstav-lyd-korrespondansen.

Å forstå ord

Vurder

omgrepsforståinga og bakgrunnskunnskapen til eleven.

Tiltak

- Arbeid systematisk med å styrkje ordforrådet til eleven. Bruk til dømes ord frå tekstar eleven møter på 2. trinn, eller frå emne som han eller ho er oppteken av.
- Rett fokus både mot *forma* til ordet (vokalar/konsonantar, stavingar, bøyingsmønster, ord-i-ord osv.) og *innhaldet*.
- Bruk tankekart både for å kartleggje kjennskapen elevane har til orda, og som ein reiskap for å utvide det semantiske nettverket og assosiasjonane deira omkring ord ved hjelp av tekst, symbol, bilete og illustrasjonar.
- Finn synonym, antonym og ord som ofte opptre saman med ordet du vil fokusere på.
- La elevane få møte ord i varierte settingar, og legg til rette for at dei får mange høve til å ta nye ord i bruk ved å lage eigne setningar.
- Det vil vere gunstig å ha tydeleg fokus på ordforståing i undervisninga. Bruk tid til å arbeide med ord og omgrep, og bevisstgjer elevane på å utforske ulike tydingar av ord og ulike måtar eit ord kan nyttast på.
- Lær elevane til å stoppe opp, tenkje over og spørje om forklaring på ord dei ikkje forstår.

Å stave ord

Vurder

om eleven stavar alle ord fonologisk eller nokre ord ortografisk (stavar heile ord rett sjølv om dei har ein uregelrett stavemåte).

Tiltak

- Arbeid mot ortografisk staving. Ta utgangspunkt i større ortografiske einingar enn enkeltbokstavar.
- Bevisstgjer eleven på at ikkje alle ord blir stava slik det høyrer ut til, til dømes «og» og «ord». Bokstavlydar som blir skrivne ved hjelp av to eller tre bokstavar, til dømes /kj/ og /skj/, er spesielt utfordrande for mange elevar. Samle ord i ordfamiliar: alle kj-orda i ein kolonne, alle ng-orda i ein annan kolonne osv.
- Øv på høgfrekvente ord, og arbeid med dei i setningar: *det, ord, oss, hos, og* osv.

Vurder

om eleven kan analysere seg fram til enkeltlydar i talte ord (fonologisk analyse) og stave ordet lyd for lyd. Ver spesielt merksam på ord med bokstavlydar som blir skrivne med fleire bokstavar (til dømes -nk og -ng), og diftongar som kan vere utfordrande å stave for mange elevar.

Tiltak

- Legg fram eit bilete av ei seng. Vis eleven at ordet er sett saman av tre bokstavlydar: /s/ /e/ /ng/, ved at du teiknar tre strekar under biletet: _ _ _. Eleven peiker og seier kva for ein lyd som skal plasserast på den tomme plassen. Skriv deretter bokstavane på rett plass.
- Spel Scrabble Junior med få bokstavbrikker. Kva for ord kan eleven skrive med desse brikkene?

Vurder

om eleven har sikker bokstavkunnskap.

Tiltak

- Sjå tiltak under *Å lese ord*.

Vurder

om eleven meistarar å forme alle bokstavar skriftleg.

Tiltak

- Tren på dei bokstavane som eleven eventuelt strever med, ved å spore bokstavar som er stipla på papir, samstundes som bokstavlyden blir uttalt. Dersom det er nødvendig, kan du støtte handa til eleven ved utføringa. Sei bokstavlyden samstundes. Det er viktig med mange oppattakingar og høve for eleven til å skrive og forme bokstaven samstundes som bokstavlyden blir uttalt.

Å lese er å forstå

Vurder

korleis eleven bruker lesestrategiar, og evna han eller ho har til å overvake si eiga lesing.

Tiltak

- Vis elevane ulike lesestrategiar, og gi elevane mange høve til å ta i bruk strategiane. Arbeidet med lesestrategiar må vere ein integrert del av arbeidet med tekstar og fag. Målet er at elevane gradvis vil ta i bruk effektive lesestrategiar utan at dei blir tydeleg oppfordra til det.
- Vis korleis vi kan lese på ulike måtar, alt etter teksttype og formål.

Før lesing:

Måltrett lesinga: *Kvifor skal du lese denne teksten? Er det for å kose deg og for underhaldning, eller skal du lese for å finne svar på bestemte spørsmål? Korleis vil du lese dette? Raskt for å finne bestemte opplysningar, eller grundig for å lære noko nytt?*

Snakk litt på førehand om innhaldet i teksten: *Sjå på brannbilen utanpå boka. Kva trur du at denne teksten kjem til å handle om? Les nøye og reflekter over tittel, illustrasjonar og overskrifter. Å samtale om erfaringar som eleven har hatt med det han eller ho skal lese om, kan auke motivasjonen for lesing. Kva kan du om dette frå før? Skriv gjerne eit tankekart eller teikn.*

Under lesing:

Sikker ordlesing: *Kan du lese og forstå kvart enkelt ord i teksten? Les teksten på nytt slik at du får med deg innhaldet i setningar og avsnitt. Stopp opp og tenk igjennom om noko er vanskeleg å forstå, både ord og avsnitt. Handlar teksten om det du trudde før du tok til å lese? Dersom den ikkje gjer det, kva handlar dette egentleg om?*

Etter lesing:

Oppsummer innhaldet i teksten: *Kva handla teksten om? Lag tankekart, teikn, skriv eller snakk om innhaldet. Kva kan du om emnet no som du ikkje kunne frå før?*
Trekk slutningar: Er det alltid slik at kattar vil fange fuglar?
Relater til eigne erfaringar: Har du sett ein katt som sit høgt oppe i eit tre?
Gjett kva som skjer vidare i teksten: Korleis trur du det gjekk med katten etter at han vart redda ned frå treet?

Reflekter over eiga forståing: *I teksten står det at Per høyrde sirener. Kvifor trur du brannbilen kom? Kan du finne ut det ved å sjå på bileta? Kva trur du kan ha hendt?*
La elevane arbeide i små grupper for å få høve til å prøve ut læringsstrategiar og snakke med kvarandre om kva dei har lese, og kva dei undrar seg over etter at dei har lese ein tekst. La også elevane fortelje kvarandre kva dei har lært, og kva dei har gjort for å lære. (Elevane må oppleve at dei forstår betre når dei bruker ulike lesestrategiar, dersom dei skal ta dei i bruk utan at dei blir tydeleg oppfordra til det.)

Vurder

omgrepsforståinga og bakgrunnskunnskapen til eleven.

Tiltak

- Sjå tiltak under Å forstå ord.

Vurder

om eleven strever med ordlesing og kva for ein strategi eleven i så fall bruker for å lese ord. Vurder deretter om eleven lyderer alle orda.

Tiltak

- Sjå tiltak under Å lese ord.

Vurder

om eleven gjettar eller bruker ein usikker fonologisk strategi.

Tiltak

- Sjå tiltak under Å lese ord.

Vurder

om eleven kan trekkje bokstavlydar saman til ord.

Tiltak

- Sjå tiltak under Å lese ord.

Vurder

om eleven har sikker bokstavkunnskap.

Tiltak

- Sjå tiltak under Å lese ord.

SJEKKLISTE – ETTER GJENNOMFØRINGA

Eg skal

- ✓ sjå nærmare på resultatata til elevar som skårar under eller like over bekymringsgrensa
- ✓ vurdere kva dei klarer/ikkje klarer på kvar enkelt oppgåve
- ✓ vurdere om dei vart ferdige innan tidsfristen på dei prøvene som hadde tidsgrense
- ✓ sjå resultatata i samanheng med annan informasjon om eleven, mellom anna observasjonar eg har gjort under prøva
- ✓ sørge for at elevane og foreldra til elevar som treng ekstra oppfølging, får tilbakemelding om resultatata og informasjon om vidare oppfølging

Oppfølging av resultatata i kollegiet

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla for kvart enkelt fag. Oppfølginga av prøva i lesing er derfor viktig for alle lærarane på trinnet. Når lærarane oppsummerer resultatata av prøva i fellesskap, kan dei få oversikt både over kva elevane meistarar, og kva ein bør arbeide meir med i dei ulike faga. Dette er særleg viktig for dei elevane som resultatmessig kjem under eller like over bekymringsgrensa. Under punktet oppfølging av kvar enkelt elev er det gitt nokre døme på relevant oppfølging av denne elevgruppa.

Når skolen analyserer prøveresultatata, er det viktig å ta omsyn til lokale forhold, mellom anna lokalt læreplanarbeid, satsingsområde eller kjenneteikn ved kvart årskull eller kvar elevgruppe. Resultata må også vurderast ut frå det generelle inntrykket av ferdigheitene, motivasjonen og arbeidsinnsatsen til elevane.

Spørsmål til refleksjon og diskusjon

- ✓ Er resultatet slik vi venta?
- ✓ Ser vi mønster og tendensar i resultatata for vår skole?
- ✓ Har vi annan informasjon som stadfester eller viser noko anna enn resultatata frå kartleggingsprøva?
- ✓ Viser resultatata frå kartleggingsprøva at det er behov for meir kartlegging?
- ✓ Kva konsekvensar får resultatata for den vidare praksisen på skolen?
- ✓ Kva kan vi gjere for å betre dei resultatata vi ikkje er nøgde med?
- ✓ Kva for tiltak kan vi setje i verk overfor elevar under og like over bekymringsgrensa?

Ansvaret til skoleleiaren

Her er ei oversikt over det skoleleiaren har ansvar for før, under og etter gjennomføringa.

Skoleleiaren skal:

FØR	UNDER	ETTER
<ul style="list-style-type: none">- ha lese <i>Retningslinjer for gjennomføring</i> og gjort seg kjend med rettleiingane til lærarane- sørge for at lærarane på skolen kjenner innhaldet i lærarrettleiingane- sørge for at gjennomføringa av kartleggingsprøver på skolen er i tråd med dei retningslinjene som er gitt i <i>Retningslinjer for gjennomføring</i>- halde seg oppdatert på «viktige meldingar» på www.udir.no- sørge for at foreldra er informerte om gjennomføringa- vere tilgjengeleg for lærarane når dei treng hjelp og støtte til å førebu gjennomføringa- sørge for at skolen har fått pakker med prøvehefte, og sjekke at mengda og målforma stemmer	<ul style="list-style-type: none">- støtte lærarane under gjennomføringa av prøvene	<ul style="list-style-type: none">- følgje opp resultatata på skolenivå i det lokale utviklingsarbeidet- leggje til rette for at lærarane følgjer opp elevar som kjem under bekymringsgrensa- sørge for at foreldra til dei elevane som kjem under bekymringsgrensa, får tilbakemelding om resultatata og informasjon om vidare tiltak, og at dette blir sett i samanheng med annan relevant vurderingsinformasjon som læraren har frå før

Tips til informasjon og aktuelle ressursar

OM GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER I LESING	
<i>Kva skal elevane kunne av grunnleggjande ferdigheiter?</i>	Læreplanverket for Kunnskapsløftet www.udir.no/lareplaner/kunnskapsloftet/
<i>Kva er grunnleggjande ferdigheiter i lesing, og korleis kan dei utviklast?</i>	Rammeverk for grunnleggjande ferdigheiter www.udir.no/Lareplaner/Forsok-og-pagaende-arbeid/Lareplangrupper/Rammeverk-for-grunnleggjande-ferdigheter/
<i>Kvar kan eg finne fleire ressursar og materiell til vidare oppfølging av elevar?</i>	www.lesesenteret.no

OM PRØVA OG VURDERING	
<i>Kvar finn eg meir informasjon om vurdering og prøver?</i>	Vurdering på www.udir.no
<i>Kva for oppgåver har skoleleiaren med kartleggingsprøver?</i>	Les Retningslinjer for gjennomføring av kartleggingsprøver som er publisert på www.udir.no
<i>Kvar finn eg Instruksjon til gjennomføring av kartleggingsprøver?</i>	Prøveadministrasjonssystemet (PAS) https://pas.udir.no
<i>Kvar kan eg lese meir om vurdering for læring?</i>	Vurdering for læring på www.udir.no/vfl

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
utdanningsdirektoratet.no